

Ali vil meir!

No har Ali vore ute i praksis i 2 månader.

Han har fått prøve å sveise 1 gong og har brukt søyleboremaskin fleire gongar.

Han synest han er kjempeflink, og det er mykje meir spennande å vere i praksis enn på skule!

Skulen er vanskelegare, synest Ali. Sjølv om han ikkje har erfaring med mekanisk arbeid frå før, tenker Ali at han passar godt til praktisk arbeid.

Det er berre ein ting på praksisplassen Ali synest er dumt og kjedeleg!

Praksisrettleiaren hans gir han så dårleg oppgåver!

Han må veldig ofte rydde, og av og til får han ikkje beskjed om kva han skal gjere- og då blir han usikker.

Bedrifta har det veldig travelt for tida. Dei skal levere eit stort arbeid om berre ein månad, og alle er litt stressa.

Ali tenker at han kan gjere mykje meir, og læraren på skulen har jo sagt at han skal få prøve mykje forskjellig i praksis.

Ali er litt frustrert....

